



**Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre**

Postadresse
Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal

Nordfjord Folkehøgskule

Sakshandsamar Alf Erik Rørvik

Vår ref. 2020/12902-0 432.2

Dykker ref.

Dato 24.08.2021

Løyve - delegert vedtak - Naustdal-Gjengedal LVO - Teltleir ved Storevatnet - Nordfjord Folkehøgskule

Delegert vedtak frå forvaltar:

Nordfjord Folkehøgskule får løyve til å ha ein teltleir med inntil 170 overnattande ved Haugen ved Storevatnet i Gjengedalen 25. til 26. august 2021. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 4.4. og gjeld på desse vilkåra:

- Alt avfall skal fraktast vekk etter overnattinga. Det skal ikkje ligge noko avfall att ved Haugen.
- Det må etablerast ei eller fleire felles latriner eller liknande. Avfall frå desse skal enten fraktast ut eller gravast ned.
- Eventuell bålbrening skal avgrensast til ein eller nokre få organiserte bålpassar som vert plassert slik at det ikkje er fare for brann.
- Det skal ikkje under nokon omstende fjernast stein frå gamle tufter eller murar.
- Grunneigarar skal varslast på førehand.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Alf Erik Rørvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Saksutgreiing

Dokument i saka:


- Søknad om utvida tal på overnattingsdøgn ved Haugen ved Storevatnet
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO
- Tidlegare løyve til teltleir ved Haugen

Søknaden

Nordfjord Folkehøgskule startar opp skuleåret i desse dagar, og i samband med oppstarten skal dei ha ein felles tur. Dei planlegg då ein teltleir ved Haugen innanfor Storevatnet i Gjengedalen, der opp til 170 personar skal overnatte frå 25. til 26.august. Folkehøgskulen søker derfor om løyve til å ha teltleir ved Haugen med inntil 170 overnattingsdøgn 25.-26.august 2021.

Skulen skriv i søknaden at dei skal fyre bål nede i strandkanten der dei skal varme steinar til «badstu», og dei skal lage kokegrop og to vanlege bål til matlaging. Ved til desse båla vil skulen ta med seg. Skulen skriv også i søknaden at dei skal grave felles latrine og at dei skal ta med seg alt av avfall når dei forlet plassen.

Kart som syner plassering av teltleiren:





Regelverk

Tradisjonelt friluftsliv er lite regulert i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet. Men der er nokre føresegner som regulerer organiserte aktivitetar og store grupper. Mellom anna står det noko om større teltleirar i verneforskrifta § 3 pkt 4.4:

4.4. Store idrettsarrangement, større teltleirar og liknande, kan ikkje skje utan løyve frå forvaltingsstyremakta.
I forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er «større teltleirar» definert til å vere meir enn 30 overnattingsdøgn (tal personar x tal netter) på same staden.

I Naturmangfaldlova (nml) § 7 er det krav om at alle vedtak som kan påverke naturmiljøet skal vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Jamfør styrevedtak i sak 3/20 har verneområdestyret delegert mynde til verneområdeforvaltar i ein del saker av kurant karakter. Det løyvet som det her er søkt om er innanfor definisjonen i det vedtaket, og verneområdeforvaltaren har derfor mynde til å handsame saka på vegne av styret.

Vurdering

Som det står i forvaltningsplanen so er store teltleirar og anna organisert friluftsliv over ein viss storleik, sørknadspliktig i verneområdet. Det betyr ikkje at forvaltninga ser på dette som negativt eller at forvaltninga vil hindre denne typen aktivitet. Forvaltninga er tvert i mot særskilt positive til at området vert brukt so lenge bruken ikkje går ut over verne- eller naturverdiar.

Reglane er heller formulert slik for at forvaltninga skal kunne sette nokre vilkår, nettopp for å sikre at organisert bruk ikkje truar verneverdiane. Med mange folk på same staden kan avfall, mangel på toalettfasilitetar, hogst av ved og liknande bli eit problem og føre til skade og forsøpling. Dette kan man likevel unngå om man har god planlegging, førebuingar og rutiner.

Nordfjord folkehøgskule brukar denne plassen kvart år og har lang erfaring i å arrangere både denne turen og andre liknande turar. Dei er gode på planlegging av desse turane og har gode rutinar. Dei har hatt løyve til dette i fleire år, og vi har ikkje registrert at aktiviteten har ført til skade eller negativ påverknad på området.

Telting i verneområdet er normalt ikkje noko problem i seg sjølv. Men som peika på lenger oppe her, so aukar sjansen skade eller slitasje når det er so mange som 170 personar i ein teltleir. Det skal og nemnast at der er nokre kulturminne på Haugen som det er viktig å ta vare på. Det er derfor nokre moment ein må vere medvitne på.

Avfall: Det må ikkje ligge att avfall etter teltleiren når elevane har reist frå området. Dette er både eit personleg og kollektivt ansvar for elevane og skulen. Skulen må informere og etablere rutinar for avfallshandtering og ha rutinar for å sjå over og rydde før dei siste forlet området.

Slitasje: Sidan det berre er snakk om ei overnatting er det ikkje venta at slitasje på terrenget eller vegetasjon vil verte noko problem.



Toalett/Latrine: Med so mange som overnattar på same staden må det vere eit opplegg for ei eller fleire felles latriner. Avfallet herifrå må enten transporterast ut eller gravast ned. Nordfjord Folkehøgskule opplyser om at dei grev latrine som lærarane har ansvar for.

Bålbrening: Bål set spor etter seg, og det vil alltid vere ein viss risiko knytt til bålbrening. For å unngå for mange spor etter bål må bålbrening avgrensast til eit mindre tal fellesbål. I tillegg er det veldig tørt i terrenget i år, og det har vore stor skogbrannfare gjennom det meste av sommaren. Bålbrening bør derfor avgrensast til eit minimum, og bålplassane bør leggast heilt nede ved vatnet.

Kulturminne: På/ved Haugen er der gamle tufter, kor berre steinmurar eller fundament står att. Dette er kulturminne og dei skal ikkje rørast. Det skal ikkje hentast Stein frå tufter eller murar til bålplassar eller anna bruk.

So lenge desse momenta vert teke omsyn til so er det ikkje venta teltleiren føre til skade eller negative verknader på området og naturmiljøet. Prinsippa i nml § 10 om samla belastning og § 12 om skånsam lokalitet er oppfylt. Haugen er ein god lokalitet for ein slik teltleir. Det ligg nær Storevatnet slik at transport av forsyningar inn, og transport av avfall ut att av verneområdet, er enkelt å få til.

Haugen og området rundt er eit område som forvaltinga kjenner godt, gjennom fleire synfaringar, turar og tiltak. Kunnskapsgrunnlaget er godt, nml § 8 er oppfylt. Einaste registreringane for sårbarer artar som ein finn rundt Haugen på Naturbase, er villrein. Området rundt Storevatnet er sentralt i villreinen sitt leveområde, og vert særleg brukt frå kalvetida om våren og framover til og med jakta. Turen til folkehøgskulen skal skje 25.-26.august, ei tid på året når villrein ikkje er særleg sårbar. Teltleiren er derfor ikkje problematisk i høve til villreinen.

Villreinjakta starta 20. august. I Førdefjella villreinområde er det delt ut 10 løyver i år, og Gjengedalen er ofte utgangspunkt for jakta. Sopass tidleg i jakta vil det vere ein viss sjanse for at det vil vere jegerar i området. Teltleiren og jakta vil normalt ikkje kome i konflikt med kvarandre, men det kan vere greitt å vere klar over kvarandre. Folkehøgskulen bør vere klar over at det er jakt i området. Og jegerane bør vere klar over at det er ein heil folkehøgskule i jaktområdet.

So lenge vilkår i løyvet vert fulgt, so er det ikkje venta at teltleiren skal føre til skade på naturmiljøet. Skulle det derimot skje noko skade, so vil folkehøgskulen vere ansvarleg for dette, jamfør nml § 11. Nml § 9 er ikkje aktuell i denne saka.

Telting i utmark er i utgangspunktet innanfor allemannsretten, og krev ikkje løye frå grunneigarar. Men når det er i organiserte former og i sopass stort omfang, bør grunneigarar i det minste varslast.

Kopi til:

Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
SNO Sandane
Gjengedal grunneigarlag